



Bernt Johan Husebø
Husebøvegen 54
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/642 - 19/5404

Saksbehandlar:
Per Atle Sæle
per.atle.sale@meland.kommune.no

07.03.2019

Retting av feil i matrikkelkartet for fellesområder på gnr 54 Husebø

I matrikkelkartet ligg fem fellesområder som er skildra i utskiftinga frå 1920 som «eigarlause teigar». Dette gjeld tre teigar som er tatt ut som grustak, den eine innafor bnr 10, den andre innafor bnr 2 og den tredje innafor bnr 3.

I tillegg er det ein felles notevoll på Stangeneset innafor bnr 8. Teigen «Nothusvollen» med påståande nothus og teigen «Nothusholm» med påståande nothus vart i 1979 godkjent delt. Det vart oppretta to nye bruksnummer; bnr 53 og bnr 54 på dei to nothusa. Restarealet sør for bnr 54 vart matrikulert som fellesområde gnr 54 bnr 1-13, medan området vest for nothuset på 54/53 ligg som «eigarlaus teig».

Kommunen ønskjer å retta opp matrikkelkartet ved at alle desse fellesteigane vert matrikulert med gnr 54 bnr 1-13, sjå vedlagte kart. Det vert ikkje gjort endringar på grensene.

Dersom de har merknader til framlegget om retting, ber vi om skriftleg tilbakemelding hertil **innan 25.03.2019**.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Husebø_1
Husebø_2

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:
Husebø_3
Husebø_jsk